



KYSTVERKET

Vest

Statens vegvesen Region vest
firmapost-vest@vegvesen.no
(Askedalen 4, 6863 LEIKANGER)

Dykkar ref.:
E39 Stord-Os

Vår ref.:
2015/2269-2

Arkiv nr.:

Sakshandsamar:
John Morten Klingsheim

Dato:
19.06.2015

E39 Stord-Os - oppstart av kommunedelplan og KU – Fråsegn til planprogram

Me viser til oversending av 26.5.2015 om ovannemnte.

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøtransport. Etaten er eit forvaltningsorgan underlagt Samferdselsdepartementet, og har det faglege ansvaret for sikker og effektiv sjøtrafikk i norske farvatn og hamner.

I kommunale arealplanprosessar etter plan- og bygningslova deltar Kystverket for å ivareta sikker og effektiv sjøtrafikk, og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv hamneverksemnd.

Det er bedt om innspel /merknader på følgjande punkt:

- Er alternativa som er føreslått utgreidde etter KU-forskrifta dei riktige alternativa (kap. 7)?
- Er nokre av alternativa i konflikt med viktige nasjonale eller regionale omsyn?
- Vert utgreiingsplikta innfridd med dei tema som er skildra (kap.8)?
- Er det andre tilhøve som er særleg relevante for avgjersle, og som dermed bør omtalast i konsekvensutgreiinga?

Kystverkets merknader

Planarbeidet omfattar to store fjordkryssingar; kryssing av hovudleia i Langenuen, og bileia inn Bjørnafjorden. Dei planlagde fjordkryssingane har som konsekvens ei innsnevring av ledene for sjøtransporten, og redusert tilkomst for store fartøy og slep av marine og maritime konstruksjonar.

Kystverket har i KVVU-arbeidet for E39 Akdsal – Bergen, ut frå vanlege krav i bileder og hovudleder vist til at fjordkryssing av Bjørnafjorden må ha minst 40 m fri seglingshøgde og kryssing av Langenuen må minst ha 70 m høgde.

Når no konseptar skal vidareutviklast i ein kommunedelplan er det viktig at ein ser på sjøtrafikken i meir detalj og kva konsekvensar brukryssingane vil ha for sjøtransporten.

For Kystverket er det viktig at ein velger løysingar som medfører minst mogleg ulempe for sjøtransporten. Konsekvensane for sjøtransporten, med omsyn til sikkerheit, effektiv transport og miljø- og klimavennlig transport, må koma fram i utgreiingsarbeidet.

Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
		Telefaks:	+47 70 23 10 08	E-post:	post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Ved vesentlege konsekvensar må ein då og sjå på avbøtande tiltak, og det er bra at ein allereie nå ser på konsekvensar både under anleggsperioden og for driftsfasen.

I kapittel 4 om rammer og føringar må det visast til Kystverkets Farledsnormal som er førande for kryssing av hovudleder og bileder. Me vil her vise til at 75 meter er satt som nødvendig høgde for at dei aller største passasjerfartøy skal kunne nytte farledene. Kystverkets Farledsnormal er nyleg vedtatt (datert 15.9.2014), etter Kystverkets uttale til KVVU for Aksdal – Bergen, frå 2011. Elles vil me og vise til at ein i KVVU'en for eventuell brukryssing over Oslofjorden har skissert 72 meter som aktuell løysing, ei bruløysing der land på begge sider er flatt i motsetning til landsidene i Langenuen. Kystverket har og ved informasjonsmøter tidlegare, knytt til utredning av ny E39, vist til sjøtrafikk og aktivitet som vil verte hindra av fjordkryssingane. Hovudleden i Langenuen er som kjent og nytta til slep av riggar inn til verfta i Sunnhordland, og ved bygging av bru over hovudleia, må ein sjå etter alternative løysingar på dette.

Kystverket ber om at ein i planprogrammet i kapittel 5.4 og omtalar trafikken i hovudleden og biledene i tillegg til ferje og hurtigbåttrafikken, gjerne med ei kartskisse over hovudleder og bileder (se vedlegg). Kystverket ber om at planprogrammet tar med ei tema på sjøtransport og maritim verksemd under samfunnsmessige konsekvensar gjerne i eige underkapittel under kapittel 8 om konsekvensar som skal utgreiast. Her vil me og vise til utkast til kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger som nyleg er sendt på høyring frå Hordaland fylkeskommune (høyring av planforslag 21.5.2015 – 1.10.2015), som har eige kapittel om sjøtransport og maritim næring.

Kystverket forutset at planarbeidet greier godt ut om konsekvensar for sjøtransporten då fjordkryssingane krysser særst viktige farleder.

Med helsing

Knut Stenevik
avdelingssjef

John Morten Klingsheim
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:

- Bergen og Omland havnevesen, bergen.havn@bergen.kommune.no
- Fiskeridirektoratet Region Vest, postmottak@fiskeridir.no
- Hordaland fylkeskommune, hfk@post.hfk.no

Interne kopimottakere:

- Fedje Trafikksentral v/Terje Alling
- Vestlandet losoldermannskap v/Kjell Asle Djupevåg

Vedlegg: Kartutsnitt – Hovedleder, bileder og havner og ankringsområder

